



Austevoll kommune

Arkivsaknr: 2025/111-1

Saksbehandlar: Hogne Haugsdal

Avdeling: Austevoll kommune

SAKSFRAMLEGG

Utvila ferjetilbod og brukarbetaling

Utval

Kommunestyret

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Saka blir lagt fram til politisk drøfting i kommunestyret utan tilråding

Politisk behandling

Saka skal til endeleg vedtak i kommunestyret.

Kort samandrag

I desember 2023 vedtok kommunestyret i Austevoll å utgreie ein modell for ferjebetaling for å auke kapasiteten på Hufthamar – Krokeide og/eller utbetring av fylkesveg. I tillegg skal det gjennomførast folkerøyning for eit framforhandla grunnlag. Samferdselsdepartementet har presisert at det er mogleg å ta betaling på ferja dersom det er særskilte trafikale forhold som tilseier at dette er naudsynt, også for ferjesamband med gratis ferje. Vestland fylkeskommune har, på bakgrunn av førespurnad frå politisk leiing i Austevoll, utarbeidd tre ulike alternativ for kapasitetsauke på ferjetilboden, finansiert med brukarbetaling. Vestland fylkeskommune har også lagt fram tal på at Hufthamar – Krokeide er eit av dei mest trafikkerte sambanda i Vestland. Sambandet er sterkt underdimensjonert både i høve til opningstid og tal rundturar per dag.

I denne saka skal kommunestyret ta stilling vidare prosess med dei alternativa for kapasitetsauke som er presentert av Vestland fylkeskommune. I tillegg må kommunestyret

ta stilling til om kommunen skal starte prosess med folkerøysting eller om bør vurdere andre formar for innbyggjarmedverknad.

Saksopplysning

Bakgrunn

Denne saka blir lagt fram for kommunestyret i samråd med ordførar. I sak 165/23 Politisk kvarter gjorde kommunestyret i Austevoll følgjande vedtak: *Austevoll kommunestyre er positiv til å utrede en modell om ferjebetaling / penger til ferje / veg og vil gå i forhandlingar med Vestland fylkeskommune basert på skissene og ha eit grunnlag klart for folkeavstemming i Austevoll der austevollingane gjev råd til kommunestyret basert på framforhandla Austevollpakke 2.0 og dagens avtale og gratis ferje. Austevoll kommunestyre tek sikte på å ha gjennomført forhandlingar og folkeavstemming fyrste halvår 2024 med sikte på at evt. ny avtale kan setjast i verk 1.1.2025.*

Austevoll kommune har tatt dette vedtaket vidare med Vestland fylkeskommune. Kommunen har bedt fylkeskommunen om å greie ut løysingar for ferjebetaling, mot at midlane går til betra ferjetilbod og vegbygging. Vestland fylkeskommune sendte eit brev 12.03.2024 til samferdselsdepartementet (vedlegg1). Fylkeskommunen ba om ei vurdering om det er anledning til å innføre ferjebetaling på gratis ferjer til å finansiere tiltak innan samferdsel. I tillegg blir det bedt om ei vurdering om ferjebetaling fell inn under veglova §27 om bompengar.

Samferdselsdepartementet svarar Vestland fylkeskommune i eit brev 07.10.24 (vedlegg 2). Samferdselsdepartementet presiserer at fylkeskommunane kan ta betaling på ferja dersom det er særskilte trafikale forhold som tilseier at dette er naudsynt, også for ferjesamband som er innfatta av ordninga med gratis ferje. Dersom Vestland fylkeskommune skulle ynskje å innføre betaling på ferjesambanda til Austevoll, med grunngjeving i at det er behov for økt kapasitet på sambanda, bør ei slik endring føre til eit reelt betre tilbod på dei spesifikke ferjesambanda for at dette skal vere i tråd med ordninga. Samferdselsdepartementet presiserer også at ein ikkje kan nytte bompengar til drift av eit ferjesamband. Ordførar og kommunedirektør hadde også eit møte med samferdselsdepartementet om denne saka 29.08.24.

Ulike alternativ til kapasitetsauke med ferjebetaling

Som ei oppfølging av samferdselsdepartementet si tilbakemelding, har kommunen bedt Vestland fylkeskommune om å sjå på ulike alternativ for kapasitetsauke i ferjetilboden Hufthamar – Krokeide, med tilhøyrande kostnadar og alternativ for brukarbetaling.

Fylkeskommunen har i brev datert 08.01.25 (vedlegg 3) presentert tre ulike alternativ for å styrka ferjetilboden. Fylkeskommunen har lagt til grunn etterspurnad og kostnadseffektiv drift til i sine vurderingar, i tillegg til at det skal vere to ferjer alle dagar heile året. I utrekning av inntektpotensial er dagens reisetal pr november 2024 lagt til grunn, i tillegg er det lagt opp til at dei reisande har avtale som gir 50% rabatt. Alternativa er:

- **Alt. A. Døgnkontinuerleg drift.** Alternativ med døgnkontinuerleg drift med unntak av natt til søndag. Siste avgang frå Krokeide kl. 01:25 natt til søndag, og oppstart frå Hufthamar kl. 07:25 søndag morgen. Ferje II i drift alle dagar. Estimerte årlege kostnader: 40 MNOK (2024-kr).
- **Alt. B. Ekstra avgang natt og styrka helg.** Alternativ der det er lagt til ein avgang på natt måndagfredag, og ferje II på laurdag. Rutetabell for laurdag og søndag er utvida/tilpassa utnytting av aktive skift. Estimerte årlege kostnader: 26 MNOK (2024-kr).
- **Alt. C. Ekstra avgang natt og ferje II laurdag.** Alternativ med ein ny avgang på natt på måndagfredag. Ferje II i drift på laurdag, innanfor dagens opningstider. Elles ingen endringar i rutetabell. Estimerte årlege kostnader: 21 MNOK (2024-kr).

Basert på kva alternativ ein vel må ferjesambandet plasserast i ei autopass-sone som bidrar til å dekka inn meirkostnadane. Dei ulike sonene vil gje følgjande estimerte billettinntekter:

- Sone 15 gjev estimerte billettinntekter på om lag 25 MNOK (2024-kr).
- Sone 28 gjev estimerte billettinntekter på om lag 40 MNOK (2024-kr)
- Sone 16 gjev estimerte billettinntekter på om lag 26 MNOK (2024-kr)
- Sone 11 gjev estimerte billettinntekter på om lag 21 MNOK (2024-kr)

For ordinær personbil i takstgruppe AP1 ville billettpriis i dei ulike sonene bli som vist i tabell under (2024-kr):

	Ikkje nullutslepp	Nullutslepp		
	Forskotsavtale	Ikkje forskotsavtale	Forskotsavtale	Ikkje forskotsavtale
Sone 15	62 NOK	124 NOK	43 NOK	87 NOK
Sone 11	52 NOK	103 NOK	36 NOK	72 NOK
Sone 16	65 NOK	130 NOK	46 NOK	91 NOK
Sone 28	99 NOK	197 NOK	69 NOK	138 NOK

Om ein vel å iverksette endra rutetilbod med tilhøyrande brukarbetaling, vil det ta om lag 2 – 3 månader frå vedtak til tiltaket kan vere klart.

Ferjesambandet er underdimensjonert

I Vestland fylkeskommune si politiske sak 148/2024 (desember 2024) blir det lagt fram ei kartlegging og vurdering av ferjetilboden i Vestland (vedlegg 4). I denne saka kjem det tydeleg fram at ferjesambandet Krokeide- Hufthamar er eit av dei mest trafikkerte sambanda i Vestland. Kartlegging syner ei årleg vekst på samanet på 4% frå 2019-2023. Tala frå saka viser at sambandet er sterkt underdimensjonert både i høve til opningstid og tal rundturar per dag.

		VLFK tab utgangspunkt		
HUFTHAMAR/ KROKEIDE		Faktisk opningstid	Ant.timar	Ihøve Prop. Prop.
Opningstid kvardag		05:55:00	22:35:00	16t 40m 18 timer 18 t
Opningstid helg		05:55:00	22:35:00	16t 40m 18 timer 16-18 t
		Faktiskt antal rundturar		Rundturar Rundturar
Antal rundturar kvardag		21		31 25-3
Antal rundturar helg		11		31 22-2

I sjølve saka skriv fylkeskommunen følgjande om ferjesambandet Krokeide-Hufthamar: *Den høge trafikkveksten på fleire samband dei seinare åra, har ført til at tilboden ikkje lenger held tritt med etterspurnaden. Hatvik-Venjaneset, Krokeide-Hufthamar og Jondal-Tørvikbygd ligg til denne kategorien. Her vil det være naturleg å vurdere tiltak for å betre situasjonen.*

Austevoll kommune gav eit skriftleg innspel til denne utviklinga i samband med fylkeskommunen si handsaming av budsjett 2025 og økonomiplan 2025 -2028 (vedlegg 5).

Vurdering

Føremålet med denne saka er todelt. Det eine er å presentere og diskutere alternativa til kapasitetsauke som er lagt fram frå fylkeskommunen, og korleis ein skal arbeide vidare med desse alternativa. På dette punktet har ikkje kommunedirektøren gjennomført ei fagleg vurdering, då dette er vurdert til å vere ein politisk prosess. Det andre er å vurdere korleis saka i seg sjølv skal handterast. Her har kommunestyret i sak 165/23 vedtatt å gjennomføre ei folkerøysting, der innbyggjarane gjev råd til kommunestyret basert på eit framforhandla alternativ.

Kommunen kan gjennomføre ei ordinær folkerøysting, men då må kommunedirektøren kome attende med eiga sak om korleis dette skal gjennomførast i praksis. Lokale folkerøystingar er i liten grad regulert av lovverket. Kommunelova § 12-2 seier at kommunestyret kan bestemme at det skal haldast rådgjevande røystingar om forslag som gjeld verksemda til kommunen. Kommunestyret kan ikkje gjennomføre bindande folkerøysting. At resultatet skal vere rådgjevande betyr at kommunestyret ikkje pliktar å følgje innbyggjarane sin vilje, men skal tolkast som eit råd om ønskjer og forventningar. Samtidig må kommunestyret sikre at prosessen er open og at informasjonen er god nok til at veljarane kan ha tillit til at resultatet vert teke på alvor av dei folkevalde.

Skal kommunen gjennomføre ei folkerøysting må kommunestyret ta stilling til fleire moment:

- Korleis legge til rette for god informasjon til veljarane for å førebu dei til ei folkerøysting, særskilt når dette skjer uavhengig av lokal- eller stortingsvalet. Gjennomføringa av ei folkerøysting må i stor følgje dei same krava og prosessane som for lokalval og stortingsval.
- Tal dagar for folkerøystinga.

- Politisk utval som skal vere ansvarleg for valgjennomføringa. Dette kan delegerast til valstyret
- Tal røystelokale
- Røysterett, kommunen skal sjølv avgjere kva vilkår som vert sett for å vere røystefør. Kommunen kan setje same krav til røysterett som under eit kommunestyreval, eller eit stortingsval.
- Røysteretsalder, kommunen kan velje å engasjere unge innbyggjarar ved å senke aldersgrensa.
- Kva dato skal vi hente ut manntalet? (skjeringsdato) Innbyggjarar folkeregistrert på denne datoen eller tidlegare vil ha røysterett. Melder dei flytting i folkeregisteret til kommunen etter denne dato, er dei ikkje røysteføre.
- Skal manntal leggast ut til offentleg ettersyn. Det blir jobba med å greie ut e-valslysing for folkerøystingar i kommunar. Ved ei slik løysing, vil systemet kunne hente ut eit manntal frå folkeregisteret. Dette er foreløpig ikkje klart, og då må kommunen gjennomføre folkerøystinga manuelt, med kryss i eit papirmanntal.
- Skal kommunen bruke valutstyr frå ordinære val under valgjennomføringa
- Vurdere utarbeiding av retningslinjer for valgjennomføringa og moglegheit til å klage. Her kan ein ta utgangspunkt i vallova kap. 13.
- Utforming og innhald på ein røystesete
- Type valordning. Dersom veljar får høve til å velje mellom to alternativ, vil ein i dei fleste eit av alternativa ha meir enn 50 %. Dersom veljar har tre alternativ, til dømes blank, kan det vere at ingen alternativ får over 50 %. Vil eit av alternativa likevel vere vinnande, altså med simpelt fleirtal?
- Krav til føring av protokoll – all relevant informasjon frå gjennomføring og resultat.
- Godkjenning av valet. Skal kommunestyret bestemme at oppmøte må vere høgare enn ei gitt minsteverdi? Dette bør vere kjent for veljarane i forkant
- Prosess for kunngjering av resultata.

Denne informasjon er mellom anna henta frå [Veileder om lokale rådgivende folkeavstemninger - regjeringen.no](#). Kommunedirektøren har også vore i kontakt med Modalen kommune, som skal gjennomføre ei folkerøysting i mars 2025 om vindkraft i fjella. Tilbakemeldinga frå Modalen er at det vil ta fleire månader å klargjere for ei folkerøysting.

Andre alternativ til innbyggjarmedverknad

Det finns mange måtar å involvere innbyggjarane på. KS har laga eit idehefte som beskriv ulike medverknadstiltak: [Innbyggermedvirkning-interaktiv.pdf](#). Mellom anna går det an å bruke digitale innbyggjarundersøkingar og meiningsmålingar som sikrar eit representativt grunnlag. Mange av desse medverknadstiltaka vil vere mindre krevjande å gjennomføre både knytt til tid, ressursar og økonomi. Om kommunestyret ønskjer det, kan kommunedirektøren kome attende med ei sak som beskriv tydelegare kva for medverknadstiltak som kan nyttast i ei sak som dette.

Kommunedirektøren sin konklusjon og tilråding

Vestland fylkeskommune har lagt fram tal som viser at ferjesambandet Hufthamar-Krokeide har hatt ein sterk vekst dei siste åra, og at sambandet er underdimensjonert i forhold til det behova strekninga har. Vestland fylkeskommune har lagt fram tre ulike alternativ for å auke kapasiteten, men kostnad med kapasitetsauke må takast med brukarbetaling.

Kommunestyret må i denne saka ta stilling til korleis kommunen skal jobbe vidare med dei alternativa som er lagt fram.

Kommunestyret har vedtatt å gjennomføre folkerøysting når det blir lagt fram modellar og alternativ for å auke kapasiteten på ferjesambandet. Kommunedirektøren kan legge fram ei sak om korleis ei slik folkerøysting kan gjennomførast og kva som krevst av tid, ressursar og økonomi. Krav til gjennomføring av ordinær folkerøysting vil i stor grad vere det same som ved kommuneval og stortingsval. Om kommunestyret ønskjer det, kan kommunedirektøren også legge fram sak om ulike formar for innbyggjarmedverknad.

Kommunedirektøren legg fram saka til politisk drøfting utan tilråding.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1_Ferjebetaling for å finansiere utvida ferjetilbod og vegprosjekt (005)
- 2 Vedlegg 2_Ferjebetaling for å finansiere utvidet ferjetilbud og vegprosjekter - Svarbrev (L)(2435398)
- 3 Vedlegg 3_Ferjebetaling for å finansiere utvida ferjetilbod Hufthamar - Krokeide
- 4 Vedlegg 4_Kartlegging og vurdering av ferjetilbodet i Vestland_sak i fylkestinget
- 5 Vedlegg 5_Brev frå Austevoll kommune - Innspel til Fylkestinget Budsjett 2025 Økonomiplan 2025-2028